



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 03.04.2019
Vår ref.: 2019/3058-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om mellombels driftsveg og velteplass - gnr. 63, bnr. 1. Marås - Radøy kommune

Me viser til brev mottatt 19.03.2019 der det er gitt seks dagars frist for fråsegn. Me ber om at landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy ikkje gjentar dette, då fristen er for kort og utan grunngitt årsak. Dette er ikkje i tråd med forvaltningslova og god forvaltningsskikk.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet. Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaka. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av veg, velteplass og terrenginngrep søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at me har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.